



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 20.01.2015
Vår ref.: 2015/360-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Vedrørende vedtak for industrivannforsyning til Mongstad - Lindås kommune - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Vi syner til vedtak frå NVE med løyve til uttak av industrivannforsyning til Mongstad i Lindås kommune datert 12.01.15, vår oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering datert 25.06.13, samt vår uttale til NVE datert 17.07.13 i samband med høyring av konsesjonssøknad.

Vi viser til punkt V, 6 i vedtaket, og gjer merksam på at undersøkingsplikt med heimel i kulturminnelova § 9 må oppfyllest før tiltak kan igangsetjast. Det framgår av konsesjonsløyvet at det skal utarbeidast ein detaljert arbeidsplan for tiltaket. Det vil vere ein føremøn for tiltakshavar å klarleggje tilhøvet til kulturminneinteresser i tiltaksområdet før arbeidsplanen blir fastsett. Vi tilrår dermed at arkeologisk registrering blir gjennomført før arbeidsplan blir utarbeidd. Vi ser vidare at Lindås kommune tek kravet om arkeologisk registrering til etterretning i gjennomgangen av innkomne merknader til konsesjonssøknaden. Vi kan imidlertid ikkje sjå å ha motteke formell godkjenning av registreringsbudsjett oversendt 25.06.13. Vedlagt er budsjett med oppjusterte satsar for 2015. For at registreringa skal kunne gjennomførast, treng vi skriftleg godkjenning frå ansvarleg tiltakshavar, med organisjonsnummer og fakturaadresse.

Vi gjer òg merksam på at Bergens Sjøfartsmuseum har varsla marinarkeologisk registrering i areal omfatta av konsesjonen. Vi ber Lindås kommune ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørende gjennomføring av marinarkeologisk registrering.

Vi gjer vidare merksam på at dersom registreringane skulle påvise automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak etter konsesjonen, kan det vere naudsynt å leggje saka fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72, Heidi.Handeland@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi: Bergens Sjøfartsmuseum